

Blågul prakt på Kjerlandsido

20.06.2010



**Ein kan nesten tolka det som ein naturens gratulasjon i samband med det store som skjer i Sverige denne helga:**

**Både gule og blå blomar pryder Kjerlandsido no.**

Engsoleia dominerer, men så er ho da også ei av dei vanlegaste sommarblomane, som veks heilt til toppen på Galdhøpiggen og startar bløminga allereie i mai. Heile engen av engsoleie er å finna på Kjerlandsido.

Blåklokka skal derimot, normalt sett, ikkje starta bløminga før i juli - i det som Alf Prøysen kallar blåklokkevikua.

Men allereie no er sparsomme forekomstar av den populære blomsten å finna langs vegen gjennom Kjerlandsido.

(Foto: Ola Matti Mathisen)

